


Lokalavisa og politikken

*På vegner av innbyggjarane følgjer lokalavisa
di den lokale politikken.*



Om rammevilkåra avisene arbeider innanfor.
Utgjevar: Landslaget for lokalaviser (LLA).

Lokalavisa tek samfunnsansvar

Frå tid til anna blir journalistar skulda for å vere kritiske og negative. Men samfunnskritikk er ein del av oppgåvene til avisene. Den er viktig for at demokratiet vårt skal fungere. Dette er ikkje noko avisene har funne på sjølve. Det er slått fast i mange offentlege utgreiingar, og er noko av bakgrunnen for at aviser får pressestøtte.

Om det er for lite eller for mykje kritikk i avisene, er det ulike meiningar om. Medan somme meiner at avisene generelt spreier for mykje negative haldningar, meiner andre at dei ikkje er kritiske nok.

Avisene skal også passe på at ei sak eller ei problemstilling er skikkeleg utgreidd, og peike på praktiske konsekvensar av politiske val.






Avisene skal:

- Bringe viktig informasjon til innbyggjarane.
- Formidle dei viktigaste nyhenda i området der avisa kjem ut.
- Sørge for at det er ein levande samfunnsdebatt.
- Spegle kulturlivet, og slik vere limet i lokalsamfunnet.
- Vere lokal marknadsplass og oppslagstavle.
- Vere vaktbikkje og trygginguventil.

Eit moderne samfunn er komplisert. Nokre gonger kan eit menneske oppleve at ho eller han ikkje blir høyrtd eller blir urettferdig behandla. Når vi ikkje fram på annan måte, er det ein utveg å gå til avisa for å få ho til å ta opp saka vår.

Nokre gonger kan både offentlege og private verksemdar gjere feil. Då er det oppgåva til avisa å peike på dette. For den som har gjort feilen, kan dette sjølvstgt vere ubehageleg. Men lokalsamfunnet er ikkje tent med at slike saker blir sopte under matta.





Nokre gonger skjer det seg

Ein initiativrik polititar, ein aktiv etatssjef eller ein flink forretningsdrivande kan oppleve å få søkjeljoset retta mot seg fleire gonger i året. Det kan sjølvstendig vere ubehageleg, eller kjennast urettferdig.

Aviser har store krav til saklegheit og sanning, og usakleg og usann skriving slår straks attende på avisa. Tillit er den viktigaste verdien avisa har, og ei avis utan tillit hos lesarane, får straks vanskar. Men i tilliten ligg det òg at avisa tør og ønskjer å ta opp slikt som er vondt og vanskeleg.

Forsøk på å avgrense eller å kontrollere kontakten med pressa, fører sjeldan til noko positivt. Tvert om fører det ofte til mistydingar og gjensidig mistru og mistillit.

Også kommunen har eit sjølvstendig ansvar for at den offentlege informasjonen og samfunnsdebatten skal fungere.

Ta kontakt med avisa dersom du er misnøgd

Ta ein telefon eller send ein e-post til redaksjonen dersom du er misnøgd.

Er det ei innvikla eller kontroversiell sak, kan du på førehand gjere ein avtale om å få lese gjennom eit intervju før det kjem i avisa, men normalt har du ikkje høve til å rette anna enn reine faktafeil eller feilsitat. Ver klår over at tidsmarginane i ein redaksjon kan vere knappe, og hugs også på at redaksjonen alltid til slutt må vurdere kva som er viktig og mindre viktig for lesarane.

Du kan sjølvsagt også sende eit innlegg til avisa. Er ikkje innlegget urimeleg langt, og du skriv under med fullt namn, kjem lokalavisa normalt til å trykkje det.

Meiner du at avisa har behandla deg urett, og at du ikkje når fram med klagen på annan måte, kan du klage til Pressens Faglege Utval (PFU). Utvalet vurderer om avisa har handla i samsvar med god presseskikk eller ikkje. Du finn fleire opplysningar om dette på internettsida til Norsk Presseforbund, www.presse.no. Meiner PFU at avisa ikkje har handla i samsvar med god presseskikk, pliktar avisa å trykkje utsegna. I utgangspunktet er dei etiske retningslinene strengare enn den formelle jussen.

Ta sjølvsagt også kontakt om du har noko nytt og positivt å fortelje.



Dette er reglane og lovene avisene arbeider etter

Ver varsam-plakaten

Dei etiske reglane for avisene står i Ver varsam-plakaten. Alle aviser pliktar å leggje desse til grunn for verksemda si. Reglane omfattar både dei store prinsipielle spørsmåla, integritet og ansvar, tilhøvet til kjeldene og praktiske reglar for publisering.

Truverdet til avisene er avhengig av eit klart skilje mellom redaksjonelt stoff og reklame/sponsing. Publikum skal vere trygge på at det redaksjonelle stoffet spring ut av ei sjølvstendig og uavhengig journalistisk vurdering, og at innhaldet og presentasjonen er utan bindingar til utanforståande interesser. Tidlegare hadde avisene ein eigen tekstreklameplakat. Han er no innarbeidd i Ver varsam-plakaten.

Du finn heile Ver varsam-plakaten på www.presse.no

Redaktørplakaten

Pliktene og rettane til redaktøren står i Redaktørplakaten. Ein redaktør skal alltid ha dei ideelle måla til dei frie avisene for auga. Han eller ho skal verne om ytringsfridomen og etter beste evne arbeide for det som etter hans eller hennar meining gagnar samfunnet.

Du finn heile Redaktørplakaten på www.presse.no

Kommunelova

Paragraf fire i kommunelova slår fast at kommunar og fylkeskommunar skal drive aktiv informasjon om verksemda si, og at tilhøva skal leggjast til rette for offentleg innsyn i den kommunale og fylkeskommunale forvaltninga.

Eit ønske om arbeidsro og frykt for kritikk må ikkje få lov til å undergrave kravet som innbyggjarane har på å bli orienterte om kva som skjer. Den administrative og politiske leiinga i kommunen har plikt til å sørje for at pressa får tilgang til dei saksdokumenta den har krav på etter lova. Og tilhøva må leggjast til rette for at det skal vere lett for pressa å følgje med i det som skjer.

Hovudregelen er at møte i folkevalde organ er offentlege (§31). Til slike møte skal leiaren setje opp sakliste på førehand, og ei slik sakliste er offentleg (§32). Skal møtet stengjast, eller dokument i saklista ikkje vere offentlege, må dette ha heimel i kommunelova/offentlegelova.

Du finn heile kommunelova på: www.lovdatab.no og kommentarar på www.offentlighet.no.

Offentleglova

Offentleglova legg til rette for at offentleg verksemd er open og gjennomsiktig, for slik å styrkje informasjons- og yringsfridomen, den demokratiske deltakinga, rettstryggleiken for den enkelte, tilliten til det offentlege og kontrollen frå ålmenta.

Sjølv om offentlege organ i nokre høve kan gjere unntak for innsynsretten, skal organet alltid vurdere meirinnsyn – det vil seie å vurdere om behovet for å halde eit dokument hemmeleg, veg tyngre enn behovet ålmenta har for innsyn.

I tillegg til ordinære forvaltingsorgan omfattar offentleglova også selskap og stiftingar der det offentlege samla eig eller kontrollerer meir enn 50 prosent – med unntak av dei som hovudsakleg driv næring i direkte konkurranse med og på same vilkår som private.

Tieplikta gjeld einskildopplysningar, og ikkje heile dokument. Dei to mest vanlege formene for tieplikt er personlege tilhøve eller forretningsløyndomar. (Forvaltingslova §13).

Faktaopplysningar som kommunen hentar inn frå særlege rådgjevarar, kan ikkje takast unna som interne. Skal råd og vurderingar ikkje vere offentlege, må det vere av omsyn til ei forsvarleg sakshandsaming.

Dokument som blir sende til eller frå kommunale einingar, kan ikkje takast unna som interne på område der eininga har sjølvstendig avgjerdsrett.

Unntak for lønns-, økonomi- eller personalforvaltning gjeld først og fremst vern av den offentlege forhandlingsposisjonen.

Søknadslister til offentlege stillingar er offentlege – og dette skal det opplysast om i utlysinga. Det skal svært mykje til for at nokon skal bli unntatt frå den offentlege søknadslista.

Du finn heile offentleglova på: www.lovdato.no og kommentarar på www.offentlighet.no.



*På kvar vår måte har
vi ein jobb å gjere for
lokalsamfunnet.*

*Ver aldri i tvil om
kvar **lokalavisa** har
hjarta sitt.*



Denne brosjyren er laga av
Landslaget for lokalaviser som
organiserer over 100 aviser
i heile landet.



Landslaget for lokalaviser
Kongens gate 14, 0153 Oslo
lla@lla.no
www.lla.no